



Etnedal kommune

Saksframlegg

Mappe: 26/31
ArkivID: GBNR-141/4, K2-K23
Saksbehandler: Kari-Elin Solberg Saglien

Gnr 141 bnr 4 - Pålegg om utbetring av avløpsanlegg

Saksopplysninger

Etnedal kommune gjennomførte tilsyn med avløpsanlegget ved Espelibygde 220 og 222 (gnr. 141 bnr. 4) den 01.08.2023. Ved tilsynet vart det konstatert at infiltrasjonsgrøfta ikkje fungerte, at vassnivået i den andre slamavskiljaren var unormalt høgt, og at avløpsvatn rann ut i terrenget nedanfor kummen. Tilsynet dokumenterte synleg forureining og konkluderte med at avløpsanlegget hadde behov for full rehabilitering.

Forholda vart stadfesta i tilsynsrapport datert 22.05.2025. Rapporten viser òg til at tømmemannskapet gjennom meir enn ti år har registrert tett filtergrøft, høgt nivå i slamavskiljar og lekkasje frå anlegget. Kommunen konkluderte med at det må etablerast nytt avløpsanlegg med ny slamavskiljar og nytt infiltrasjonsanlegg.

Den 09.01.2026 sende Etnedal kommune førehandsvarsel om pålegg om utbetring av avløpsanlegget etter forureiningslova § 7. I varselet vart det sett frist til 01.06.2026 for å sende inn søknad om utsleppsløyve.

Kommunen har ikkje motteke søknad om utsleppsløyve innan fristen.

Den 02.06.2026 mottok kommunen melding frå Valdres kommunale renovasjon om alvorleg avvik ved tømning av anlegget. Det vart registrert lekkasje frå slamavskiljaren med utslepp av avløpsvatn til terreng. Bilete frå tømminga viser at avløpsvatn samlar seg rundt kummen og renn vidare ut i terrenget. Anlegget vart tømt og avvatna, men lekkasjen dokumenterer at anlegget ikkje fungerer tilfredsstillande.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd pålegg Etnedal kommune eigar av gnr. 141 bnr. 4 å utbetre avløpsforholda på eigedomen.

Følgjande blir pålagt:

1. Det skal sendast inn komplett søknad om utsleppsløyve for nytt avløpsanlegg innan **1. oktober 2026**.
2. Det nye avløpsanlegget skal vere ferdig etablert og sett i drift innan **1. juli 2027**.
3. Når anlegget er ferdigstilt, skal kommunen motta ferdigmelding med nødvendig dokumentasjon frå ansvarleg føretak.

Dersom fristane ikkje blir haldne, kan kommunen fatte vedtak om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73.

Vurdering

Kommunen vurderer at avløpsanlegget medfører fare for forureining i strid med forureiningslova § 7.

Det ligg føre dokumentasjon over fleire år som viser at infiltrasjonsanlegget ikkje fungerer som føresettt. Tømmemannskapet har ved gjentekne tømmingar registrert tett filtergrøft, høgt vassnivå og lekkasje frå slamavskiljaren. Ved siste tømming den 02.06.2026 vart det dokumentert at avløpsvatn renn direkte ut i terrenget. Dette viser at forureininga er reell og pågåande.

Eigar har fått god tid til å rette forholdet. Kommunen har først gjennomført tilsyn, deretter sendt tilsynsrapport med frist for oppfølging, og til slutt sendt førehandsvarsel om pålegg. Trass i dette er det ikkje sendt inn søknad om utsleppsløyve, og det er ikkje gjennomført tiltak.

Kommunen vurderer derfor at vilkåra for å gi pålegg etter forureiningslova § 7 fjerde ledd er oppfylte.